

Regionalt miljøprogram for landbruket i Sogn og Fjordane

REGIONALT
MILJØPROGRAM FOR
SOGN OG FJORDANE



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
25. mars 2009



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

INNHALDSLISTE

| | |
|---|-----------|
| 1. INNLEIING, BAKGRUNN OG PLANPROSESS | 3 |
| 1.1 Regionalt miljøprogram 2005 - 2008 | 3 |
| 1.2 Regionalt miljøprogram 2009 - 2012 | 3 |
| 1.3 Rulleringsprosessen hausten 2008 | 4 |
| 1.4 Høyring og oppsummering..... | 4 |
| 2. MÅLSETTINGAR OG STRATEGIAR | 5 |
| 2.1 Sentrale føringar | 5 |
| 2.1.1 Overordna miljøfaglege og landbrukspolitiske prioriteringar | 5 |
| 2.1.2 Miljøutfordringar og prioriteringar for neste RMP-periode | 5 |
| 2.1.3 Målretting av ordningar | 6 |
| 2.1.4 Styrking av koplinga mellom RMP og SMIL..... | 6 |
| 2.1.5 God medverknad, informasjon og kommunikasjon..... | 7 |
| 2.2 Eksisterande planar og strategiar for Sogn og Fjordane | 8 |
| 2.3 Kva er særmerkt for kulturlandskapet i Sogn og Fjordane?..... | 8 |
| 2.4 Målsettingar og strategiar i Sogn og Fjordane | 9 |
| 3. STØTTEORDNINGAR I MILJØPROGRAMMET | 10 |
| 3.1 Tilskot til stølsdrift med mjølkeproduksjon | 11 |
| 3.2 Tilskot til drift av bratt areal | 11 |
| 3.3 Ekstra tilskot til husdyr på utmarksbeite | 11 |
| 3.4 Tilskot til styrt beiting på innmark | 11 |
| 3.5 Tilskot til sau og geit som beiter ute heile året | 12 |
| 3.6 Tilskot til beitedyr i verneområde | 12 |
| 3.7 Tilskot til automatisk freda kulturminne | 12 |
| 3.8 Tilskot til steingardar og bakkemurar | 13 |
| 3.9 Tilskot til styvingstre..... | 13 |
| 3.10 Tilskot til artsrik eng og beite | 13 |
| 3.11 Tilskot til organisert beitebruk | 13 |
| 3.12 Nye ordningar..... | 14 |
| 4. FINANSIERING AV MILJØPROGRAMMET | 15 |
| 5. ADMINISTRASJON AV REGIONALT MILJØPROGRAM | 17 |
| 6. STYRKING AV KOPLINGA MELLOM SMIL OG RMP | 17 |
| 6.1 Tiltaksstrategiar for kommunale miljømidlar | 17 |
| 6.2 Kopling mellom SMIL og RMP..... | 17 |
| 7. INFORMASJON OG MEDVERKNAD | 18 |
| 8. RULLERING OG RAPPORTERING AV REGIONALT MILJØPROGRAM | 18 |
| 9. VEDLEGG | 19 |

Hovudmålsettinga for det regionale miljøprogrammet for Sogn og Fjordane er å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylket.

Dette skal skje ved følgjande strategiar:

1. Utvikle støtteordningar som gjennom aktiv landbruksdrift fremjar vedlikehald av fylket sine særprega kulturlandskapstypar, verdifulle kulturmarkstypar og kulturmiljø
2. Gje betaling for produksjon av prioriterte miljøgode for samfunnet
3. Stimulere til samarbeidstiltak

1. INNLEIING, BAKGRUNN OG PLANPROSESS

1.1 Regionalt miljøprogram 2005 - 2008

Gjennom handsaminga av St. meld nr 19 (1999 – 2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* vart det bestemt at det skal innførast eit miljøprogram for landbruket. Etter jordbruksoppgjeret 2002 vart det oppretta ei partssamansett arbeidsgruppe med medlemmar frå Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Desse la fram ein rapport i mars 2003 i forkant av jordbruksoppgjeret 2003. Partane i jordbruksoppgjeret bestemte at det vert innført regionale miljøprogram for kvart fylke frå 2005, og dei enkelte fylka skal utarbeide forslag til eige program i løpet av 2004.

1.2 Regionalt miljøprogram 2009 - 2012

I St. prp. nr. 69 (2007-2008) (jordbruksoppgjeret) er det vist til den gjennomførte evalueringa av regionale miljøprogram (RMP), som viser at RMP er ei føremålstenleg og treffsikker miljøomsatsing. Samstundes peiker ein på at det er vesentlege variasjonar mellom fylka. Avtalepartane er samde om at det leggast opp til ei rullering av RMP som inneber ei harmonisering av nokre ordningar og ei spissing av andre ordningar.

Den overordna målsettinga med miljøprogrammet er å auke målrettinga av miljøarbeidet i landbruket og gjere den samla miljøinnsatsen i landbruket meir synleg. Det regionale miljøprogrammet skal fungere som betaling for miljømessige driftsformer og produksjon av miljøgode. Produksjonsforhold og miljøutfordringar varierer til dels sterkt mellom fylka, og regionale miljøprogram vil både definere utfordringane og utforme verkemidla betre enn mål og ordningar som gjeld for heile landet.

Verkemidla i regionalt miljøprogram skal vere generelle og vert betalt til alle landbruksføretak som får produksjonstilskot og som oppfyller bestemte vilkår. Dette siste i motsetnad til dei spesielle miljømidlane i landbruket (SMIL) som vert betalt etter søknad og skjønsmessig individuell vurdering, og som også kan gå til eigarar eller organisasjonar som ikkje får produksjonstilskot.

1.3 Rulleringsprosessen hausten 2008

RMP-gruppa vart oppnemnd som styrings- og arbeidsgruppe for rulleringa av RMP, med Kulturlandskapsgruppa som referansegruppe.

Kulturlandskapsgruppa:

Fylkesmannen si landbruksavdeling (leiing av gruppa)
Fylkesmannen si miljøvernavdeling
Bondelaget
Bonde- og småbrukarlaget
Forsøksringen
Skogeigarlaget
Fylkeskommunen si kulturavdeling
Fylkeskommunen si regionalavdeling
Høgskulen
Landbruksforvaltninga i kommunane

RMP-gruppa:

Fylkesmannen si landbruksavdeling (leiing av gruppa)
Fylkesmannen si miljøvernavdeling
Bondelaget
Bonde- og småbrukarlaget
Landbruksforvaltninga i kommunane

Kulturlandskapsgruppa/RMP-gruppa har drøfta rulleringa i samband med dei to årlege møta i 2008. I tillegg vart det gjennomført to møte i etterkant av høyringsrunda før det endelege framlegget til miljøprogram vart utforma.

1.4 Høyring og oppsummering

Framdriftsplanen for rulleringsprosessen er som følgjer:

| | |
|---------------------|---|
| 8. september | Drøftingsnotat om rulleringa med forslag til endringar i ordningar sendast til Kulturlandskapsgruppa og RMP-gruppa. |
| 11. september | Møte i Kulturlandskapsgruppa og RMP-gruppa. Drøfting av endringar i miljøprogrammet. |
| 1. oktober | Programutkast sendast på høyring til kommunar og interessepartar med frist 24. oktober. |
| 6. november | Møte i Kulturlandskapsgruppa og RMP-gruppa. Drøfting av endringar i programmet. |
| 4. desember | Møte i RMP-gruppa. Endelege konklusjonar om endringar i programmet. |
| 15. desember | Frist for innsending av program for godkjenning til SLF og avtalepartane. |
| Medio januar 2009 | Endeleg utforming av RMP etter godkjenning. Forskrift sendast på høyring 6 veker dersom store endringar. |
| 1. mars 2009 | Forskrift vedteke og utlyst. Informasjonsmateriale om revidert RMP ferdig. |
| mars-juli 2009 | Informasjon om endringar. Nyhende, møter og liknande. |

2. MÅLSETTINGAR OG STRATEGIAR

2.1 Sentrale føringar

Statens landbruksforvaltning (SLF) har konkretisert dei sentrale føringane for rullering av regionale miljøprogram i følgjande punkt:

- Rulleringa skal byggje på overordna miljøfaglege og landbrukspolitiske prioriteringar nedfelt i St. meld. om rikets miljøpolitikk, LMDs utkast til miljøstrategi og St. prp. om jordbruksoppgjeret
- Det må gjennomførast ei oppdatert vurdering av miljøutfordringar og prioriteringar i fylket
- Målretting av ordningar (spissing og harmonisering, tilpassing til overordna miljøtema)
- Styrke koplinga mellom RMP og SMIL
- God medverknad, informasjon og kommunikasjon

2.1.1 Overordna miljøfaglege og landbrukspolitiske prioriteringar

Kursjusteringa som ligg i dei overordna dokumenta inneber ei auka synleggjering av heilskapen og mangfaldet i landbruket sin miljøinnsats. Kursjusteringa aktualiserer dessutan klimatiltak i neste programperiode og ei styrking av koplinga mot rammedirektivet for vatn.

Det er lagt opp til å vidareføre noverande balanse mellom nasjonale og regionale verkemidlar. I dette ligg det at RMP skal ivareta særskilde miljøomsyn i ulike delar av landet, som ei forsterking av dei nasjonale verkemidlane. RMP skal bidra til å styrke regional og lokal identitet og verdiskaping gjennom brei medverknad og informasjon kring prioriteringar og tiltak. Samstundes må RMP vidareførast innanfor ramma av ei effektiv forvaltning og ut i frå behovet for ei oversiktleg landsdekkande resultatrapportering.

2.1.2 Miljøutfordringar og prioriteringar for neste RMP-periode

RMP for neste periode vil byggje vidare på dei miljøutfordringane som vart peika ut i første periode. Samstundes skal fylka gjennomføre ein ny gjennomgang av utfordringar og prioriteringar, med sikte på auka målretting av verkemidlane og ei tilpassing til gjeldande nasjonale miljøpolitiske og landbrukspolitiske føringar og føresetnader. Blant miljøutfordringar med særleg relevans for RMP-rulleringa kan følgjande nemnast:

- **Ivareta prioriterte areal.** I LMD sitt utkast til miljøstrategi er det lagt opp til at nasjonalt miljøprogram skal vidareførast og oppdaterast med ei styrking av beitetilskotet og utmarksbeitetilskotet for å møte generelle utfordringar med attgroing. RMP bør få ei ytterlegare spissing for mellom anna å sikre særskild skjøtsel og/eller beiting av verdifulle areal, ordningar knytt til gamle husdyrassar med regional tilknytning, samt vidareføre verkemidlar som sikrar drift av seterlandskap
- **Ivareta biologisk mangfald.** Mange artar av plantar og dyr, her under mange sårbare og truga artar, har sitt leveområde i landbruket sitt kulturlandskap, ma. basert på eldre driftsformar. Variasjonen i kulturlandskapet må oppretthaldast gjennom målretta forvaltning for å bidra til å stanse tapet av biologisk mangfald
- **Leggje til rette for ferdsel og friluftsliv.** Utmarksbeiteareala, vegane og stiane i kulturlandskapet er viktige for ferdsel og friluftsliv. Det er ønskjeleg å bidra til å opparbeide ferdsleårar og auke tilgjengelegeheita for ferdsel særleg i nærområda til byar og tettstader
- **Ivareta kulturminne.** Det er ønskjeleg å vidareføre og forbetre innsatsen knytt til kulturminne og kulturmiljø i neste RMP-periode. Det er også ønskjeleg å auke

moglegheitene for ivaretaking av kulturminne gjennom bruk som ledd i reiselivssamanheng

- **Redusere og førebyggje ureining.** Rammedirektivet for vatn legg grunnlaget for arbeidet med ureiningstiltak i fylka. Tiltaka vil kome gjennom forskrifter og økonomiske verkemidlar i RMP
- **Redusere klimautslepp.** I jordbruksoppgjæret 2008 vart det trekt opp ei ramme for klimasatsing i landbruket, som skal følgjast opp og konkretiserast. Klimarettar ordningar i RMP kan bli aktuelt på eit seinare tidspunkt når dette er meir avklart

2.1.3 Målretting av ordningar

Vedlegg 2 viser SLF sitt siste framlegg til inndeling i miljøtema, som grunnlag for tilpassing av dei regionale miljøprogramma til overordna føringar.

Spissing. På grunnlag av regionale prioriteringar skal det gjerast vurderingar med sikte på auka målretting av verkemidlane. Spissing av eksisterande ordningar kan innebere tydeleg geografisk avgrensing, strengare miljøkrav og/eller strengare vilkår for skjøtsel og vedlikehald. For nokre fylke vil det også vere aktuelt å innføre nye ordningar. Det skal særleg vurderast tiltak innanfor dei områda som er trekt fram i jordbruksoppgjæret og av SLF:

- Aktiv bruk av tilskotssatsar, konkrete skjøtselstiltak til dømes gjennom styrt beiting og målretting av beiteordningar inn mot prioriterte verdifulle område. Dette gjeld også ordninga for organisert beitebruk
- Styrke/etablere ordningar for skjøtsel av artsrik eng og beite. Slått bør ha vesentleg høgare sats og det bør vurderast ekstrasats for ugjødsla slåttemark
- Stille krav til skjøtsel av kystlynghei, også andre vilkår enn beiting
- Kombinere ulike tiltak i område med sårbare vassførekomstar
- Styrke/etablere ordningar for ivaretaking av kulturminneverdiar
- Styrke/etablere ordningar retta mot tilgjengelegheit og friluftsliv i by- og tettstadsnære område
- Styrke/etablere ordningar knytt til gamle husdyrrasar

Harmonisering. For ein del av dei regionale ordningane skal det gjerast ei harmonisering mellom fylka, som inneber meir like kriterium for tilskot retta mot same typen tiltak. Ut i frå rapporteringsomsyn vil ei harmonisering også innebere ei auka standardisering av måleiningar for same typar tiltak, slik at ein til dømes unngår samanblanding av dekar og tal (stk) for like ordningar. SLF har følgjande konkrete innspel til harmonisering:

- Innanfor kvar ordning, ha tydeleg skilje mellom slått og beite gjennom ulike kodar, satsar og krav
- Tiltak i innmark bør har måleininga *dekar*. Tiltak i utmark bør har måleininga *stk* (*dyretal, tal kulturminne, etc.*)
- Dei ulike beiteordningane bør gjelde anten innmark eller utmark

2.1.4 Styrking av koplinga mellom RMP og SMIL

Kommunen har ei viktig rolle i miljøarbeidet i landbruket. Den forvaltar planlovverk og særlovar for jordbruket og dei økonomiske støtteordningane Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Kommunen er også vedtaksmyndigheit for RMP- og produksjonstilskot.

Kommunen si rolle som landbrukspolitisk aktør og forvaltningsorgan skal styrkast/utviklast gjennom arbeidet med RMP. Dette skal gjerast ved å synleggjere korleis prioriteringane i

RMP ”slår ut” for dei ulike delane av fylket og ved å bidra til at RMP følgjer opp med tilskot til drift og vedlikehald der kommunen har innvilga tilskot til investeringar. Dette vil særleg gjelde tilskot til beitelag og beiting, men også område som gamal kulturmark, biologisk mangfald, kulturminneverdiar og fangdammar.

RMP for neste periode skal gje retningslinjer for fordelinga av SMIL-midlane til kommunane. Fylkesmannen skal også bidra til at kommunane tek ei aktiv rolle i prioriteringane innanfor SMIL-ordninga og at dei arbeider aktivt for å kople aktive jordbruksføretak og eigarar av viktige miljøverdiar der drifta har opphøyr, slik at desse verdiane kan bli skjøtta.

Lokale prioriteringar og løysingar for miljøtiltak i landbruket skal framgå av kommunane sine tiltaksstrategiar. Det leggjast til grunn at Fylkesmannen i sin gjennomgang av strategiane og i fordelinga av SMIL-midlane gjev ei attendemelding om dei RMP-prioriteringane som er mest relevante for dei ulike kommunane. Dette arbeidet må finne ein form som er tilpassa korleis kommunane oppdaterer og rullerer sine strategiar og behovet for å sjå fleire delar av fylket i samanheng.

2.1.5 God medverknad, informasjon og kommunikasjon

Evalueringa har vist at minimumskrava til medverknad på regionalt nivå har vore godt ivareteke. Samstundes viser evalueringa at prioriteringane og prosessane i stor grad har vore ei sak for ”landbruksfamilien”. Behovet for auka synleggjering av heilskapen og mangfaldet i landbruket sin miljøinnsats og auka målretting tilseier at miljøforvaltninga og ulike interesseorganisasjonar også må få ein reell påverknad på prioriteringane som gjerast. Det leggjast difor til grunn at Fylkesmannen tek initiativ til deltaking og medverknad frå relevante fagmiljø og interesseorganisasjonar og følgjer opp dei innspel som kjem frå desse.

Det er også viktig å ha trykk på informasjon og kommunikasjon for å synleggjere landbruket sin produksjon av fellesgodar generelt og miljøgode spesielt (gjennom RMP). Det er framleis behov for å gjere tiltak og ordningar kjend hjå jordbruksføretaka. Samstundes bør det arbeidast strategisk med informasjon, for å sikre at resultat frå arbeidet og døme på tiltak vert formidla til politiske miljø, fagmiljø, media og ålmenta.

Arbeidet med RMP for neste planperiode skal vere basert på openheit og dialog med følgjande krav til medverknad og informasjon:

- Fylkesmannen er ansvarleg for å fremme forslag til RMP for sentral godkjenning, med landbruksområdet i embetet som operativt ansvarleg og koordinator for arbeidet. Samanstilling av forslaget skal skje etter samråd med næringsorganisasjonane sine fylkeslag
- Representantar frå regionale fagmyndigheiter innanfor miljøvern og kulturminnevern skal delta i dei fora som etablerast for rulleringa
- Kommunane skal få høve til å kome med innspel, på grunnlag av eit førebels forslag frå Fylkesmannen, kombinert med spørsmål/problemstillingar som ein ønskjer synspunkt på
- Representantar for nærings- og interesseorganisasjonar utanom landbruket skal få løpande informasjon om arbeidet og moglegheitene for å fremje synspunkt. Det bør også vurderast å invitere nokre av desse aktørane inn i dei fora som etablerast
- Systematisk og aktiv informasjon og kommunikasjon retta mot både brukarane, ålmenta og andre relevante aktørar

2.2 Eksisterande planar og strategiar for Sogn og Fjordane

Fylkeskommunen skal involverast i utforming av miljøprioriteringar. Det er såleis naturleg å ta utgangspunkt i eksisterande fylkesvise plandokument og strategiar som omhandlar landbruk, natur, miljø og kulturlandskap.

Fylkesdelplan for landbruk

Vart vedteke av Fylkestinget desember 2002 og har som hovudmål: *Livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane.*

Fylkesdelplan for arealbruk

Vart vedteke i 2000 og gjev retningsliner for kommunal arealplanlegging.

Strategi- og handlingsplan 2003 – 2006 for kulturlandskap i Sogn og Fjordane

Plan utarbeidd av Kulturlandskapsgruppa med målsetting å *halde vedlike og utvikle mangfaldet i kulturlandskap med viktige kulturhistoriske, biologiske og opplevingsverdiar.*

2.3 Kva er særmerkt for kulturlandskapet i Sogn og Fjordane?

Fylket er kjenneteikna av stor naturgeografisk variasjon. Mykje av jordbruksareala ligg i dels bratt terreng langs fjordane og i dalføra. Den spreidde busetnaden, eigedomsforhold, klima og topografi har ikkje gjeve stort rom for rasjonalisering i landbruket og fleire stader vert tradisjonelle, manuelle driftsformar framleis halde i hevd. I alle kommunane finst det framleis eit variert utval av kulturlandskapslokalitetar som eignar seg som referanseområde, og stader der arbeidsteknikkar og økologiske prosessar knytt til tradisjonell drift kan studerast. Nokre av lokalitetane har nasjonal eller internasjonal verdi.

Kulturlandskapet i fylket kan delast inn i kyst-, fjord-, dal- og fjellkulturlandskap. I dei ulike kulturlandskapa inngår gamle kulturmarker i form av ulike kulturskogar, hagemarker, slåttemarkar, beitemarker, myr- og våtmarksslåttar og lyngheier. Kulturmiljø som tun og heile gardar, og kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, vatningsveiter, vegfar og utlør utgjer viktige delar av kulturlandskapet. Fylket har også mange ulike stølsmiljø, og sjølv om tradisjonell stølsdrift stort sett er nedlagt, er det framleis mange som driv mjølkeproduksjon med kyr eller geiter på stølane om sommaren.

Når vi tek med det moderne kulturlandskapet får vi stor spennvidde: frå kyst til fjord og til bygdene inn under breen, frå bratte slåttelietil flate fulldyrka elvesletter, og frå småslått med ljå og slåmaskin til intensivt grashausting med totrinnshausting og rundballepresse.

Uavhengig av driftsteknikk og topografi er det likevel nokre karakteristiske trekk:

- Vi har først og fremst eit unikt landskap med fjordar, dalar, fjell og isbrear, og der det frodige landskapet om våren og sommaren står fram i grønt, kvitt og blått. Dette fjordlandskapet er verdskjent og rekna som eit av dei beste reisemål i verda
- Vi har aktivt husdyrbruk der hausting av vinterfôret skaper og pleier kulturlandskapet i dalbotnane og oppetter dalsidene og fjordbygdene
- Mykje av utmarka vert framleis nytta til beite, men i langt mindre grad enn tidlegare. Nedgangen i utmarksbeite er størst på kysten, grunna nedgang i tal gardsbruk og husdyr. Men vi har framleis mange stølar i fjell og utmark, og kring 70 av dei er i aktiv drift
- Kystlandskapet med dei mange øyane er meir prega av småbruk enn resten av fylket, mange bruk er utan drift og skog og kratt kryp innover innmarksareala og utmarka er i akselererande attgroing

- Vi har biologisk mangfald med til dømes artsrike enger, frodige vegkantar, gamle styvingstre og kystlynghei
- Vi har eit landskap som er eksponert slik at vi kan sjå det frå både landevegen og sjøvegen, og med mange flotte utsiktspunkt frå nye vegar, eldre ferdselsvegar og stiar. Dette landskapet er profilert som eit gode for både fastbuande og turistar.
- Ein relativ stor del av landskapet har så høg kvalitet at det vert verna gjennom nasjonalparkar og landskapsvernområde, delvis inkludert kulturlandskap og beitemark

2.4 Målsettingar og strategiar i Sogn og Fjordane

Ved opprettinga av RMP i Sogn og Fjordane vart det gjennomført ei grundig vurdering av miljøutfordringane innan to hovudtema, *kulturlandskap* og *ureining*. Ein slo fast at fylket i liten grad er plaga med overflateavrenning og punktutslipp og at det finst klare retningslinjer for å hindre ureining. I tillegg meinte ein at det var meir riktig å satse på spreining av kunnskap om ureining og regelverk i staden for bruk av økonomiske verkemiddel gjennom RMP. Samstundes slo ein fast at nedgangen i bruk og endra bruksstruktur har medført endra drift på verdifulle areal og aukande attgroing generelt, som igjen har negative effektar på ope kulturlandskap, jordvern, biologisk mangfald, reiseliv og friluftsliv. Ein konkluderte difor med å prioritere hovudtema *kulturlandskap* i den første RMP-perioda.

Klima og rammedirektivet for vatn er nye moment som vi skal vurdere i høve til neste RMP-perioda. Signala frå SLF er at vi førebels skal vente med innføring av klimaordningar i RMP, inntil dette er nærare avklart på nasjonalt nivå.

Oppfølging av EU sitt rammedirektiv for vatn og den norske vassforvaltningsforskrifta er i gang. Hovudmålet er å sikre god miljøtilstand (tilnærma naturtilstand) i vassdrag, grunnvatn og kystvatn. Arbeidet er i ein pilotfase der nokre få vassområde er utpeika, som i vårt fylke er Indre Nordfjord (grovt sett Stryn kommune). Fylkesmannen si miljøvernavdeling har hovudansvaret for utarbeiding av forvaltningsplan for området for 2009-2015. Arbeidet er godt i gang og det kan frå 2009 vere aktuelt med tiltak som førebyggjer eller reduserer ureining. Førebels ser det ut til at ureining frå landbruket har generelt lite omfang i vassområdet Stryn, men at det kan vere aktuelt med tiltak nokre stader, td. med endra jordarbeiding og vegetasjonssoner. Det er difor aktuelt å vurdere å innføre ei ny ordning i RMP som premierer slike tiltak.

Vår vurdering er at det er for tidleg å etablere tilskotsordningar for oppfølging av rammedirektivet for vatn gjennom RMP for 2009. Vi har framleis lite oversikt over omfanget av naudsynte tiltak og det er førebels berre éin kommune som er involvert. Vi risikerer difor å etablere ordningar som vert for smale og lite treffsikre.

Vi held fast ved at situasjonen i fylket stort sett er den same som for fire år sidan og at miljøutfordringane er om lag dei same som før. Og ut i frå røynsle med forvaltninga av RMP og resultatata frå evalueringane, ser vi at fokuset på kulturlandskap er riktig. Vi meiner difor at det er liten grunn til å endre på hovudprioriteringa i miljøprogrammet for Sogn og Fjordane.

Konklusjon

Vi prioriterer hovudområde kulturlandskap ut frå ei konkret vurdering av miljøutfordringane i landbruket i Sogn og Fjordane. Vi meiner og at målformuleringar og strategiar framleis er godt tilpassa aktuelle miljøprioriteringar i fylket. Strategi nr. 1 er presisert i høve til å målrette ordningane mot spesielle verdiar i kulturlandskapet.

Målformuleringar og strategiar

Hovudmålsettinga for det regionale miljøprogrammet for Sogn og Fjordane er å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylket.

Dette skal skje ved følgjande strategiar:

- 1. Utvikle støtteordningar som gjennom aktiv landbruksdrift fremjar vedlikehald av fylket sine særprega kulturlandskapstypar, verdifulle kulturmarkstypar og kulturmiljø*
- 2. Gje betaling for produksjon av prioriterte miljøgode for samfunnet*
- 3. Stimulere til samarbeidstiltak*

3. STØTTEORDNINGAR I MILJØPROGRAMMET

RMP 2005 - 2008 i Sogn og Fjordane har hatt 11 ordningar som stimulerer til ulike tiltak for å oppfylle hovudmålsettinga om ”...å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylket.” Oversikta nedanfor viser den prosentvise fordelinga av RMP-midlane mellom dei ulike tilskotskategoriane.

Drift av bratt areal (49 %)

- tilskot til bratt areal

Beiteordningar (31 %)

- stølsdrift med mjølkeproduksjon
- husdyr på utmarksbeite
- styrt beiting på innmark
- sau og geit som beitar ute heile året
- beitedyr i verneområde
- organisert beitebruk

Verdifulle element i kulturlandskapet (19 %)

- automatisk freda kulturminne
- steingardar og bakkemurar
- styvingstre
- artsrik eng og beite

Nedanfor er eksisterande og nye RMP-ordningar vurdert. Ein har teke utgangspunkt i overordna retningslinjer om spissing og harmonisering, saman med resultata frå evalueringane nasjonalt og regionalt, og røynsle og ulike innspel frå gjeldande RMP-periode. For kvar ordning følgjer ein konklusjon om Fylkesmannen si innstilling til ordninga i det reviderte programmet, basert på drøftingane i RMP-gruppa. Ei meir grundig vurdering av ordningane er å finne i høyringsutkastet.

3.1 Tilskot til stølsdrift med mjølkeproduksjon

Føremålet med ordninga er å ta vare på dei særmerkte verdiane i kulturlandskapet knytt til stølsdrifta. Stølsdrifta må ha ein positiv verdi for kulturlandskapet og bør bidra til å ta vare på verdifulle bygningsmiljø og stølsbeite. Bilvegar, nye mjølkestallar, oppdyrking eller andre tiltak skal ikkje redusere særskilde kulturhistoriske eller biologiske verdier i stølsområde.

Konklusjon

- Ordninga vert vidareført som i 2008
- Føremål og krav vert presisert i rundskrivet og informasjonsheftet

3.2 Tilskot til drift av bratt areal

Føremålet med ordninga er å ta vare på bratt areal som eit særpreg for kulturlandskapet i fylket.

Konklusjon

- Ordninga vert vidareført som i 2008
- Føremålet med ordninga vert presisert i rundskrivet og informasjonsheftet

3.3 Ekstra tilskot til husdyr på utmarksbeite

Føremålet med ordninga har vore å halde oppe dyretalet på utmarksbeite for å redusere attgroinga.

Ut frå ønsket om å hindre attgroing er ordninga *Ekstra tilskot til husdyr på utmarksbeite* for generell og lite målretta og bør gå ut av RMP for Sogn og Fjordane. Beiting i utmark er svært viktig for å unngå vidare attgroing, men vi viser til dei generelle beiteordningane på nasjonalt nivå som også har langt høgare tilskotsats og slik sett gir betre effekt. Frigjevne midlar i RMP i Sogn og Fjordane bør brukast til å heve satsane innanfor dei resterande ordningane og/eller andre justeringar for å oppnå ytterlegare målretting.

Konklusjon

Faglaga er usamde i at ordninga går ut av RMP. Det vert vidareført eit ekstra tilskot til sau og mjølkegeit på utmarksbeite. Ordninga gjeld førebels berre for 2009, dette som ei nedtrapping av tidlegare ordning med mål om utfasing.

3.4 Tilskot til styrt beiting på innmark

Føremålet med ordninga er å stimulere til bruk av beitedyr for å ta vare på kulturlandskap med særskild lokal verdi og stor ålmann interesse.

Kommunen må i kvart tilhøve godkjenne arealet ut i frå attgroingssituasjon og verdien av å halde arealet ope i høve til natur-, friluft- og reiselivsinteresser. Areal som bør prioriterast er til dømes areal i registrerte verdifulle kulturlandskap, areal langs nasjonale turistvegar, langs fjordane og langs verna vassdrag.

Det stillast krav om rett skjøtsel i tråd med rettleiingsmateriale frå prosjekt Opne Landskap.

I følgje overordna føringar bør måleininga vere dekar. Etter innspel i høyringsrunden og frå Kulturlandskapsgruppa vart det konkludert med at tilskot per dyr er det mest tenelege i denne ordninga.

Konklusjon

- Ordninga vert erstatta av Tilskot til skjøtsel med ammegeit og kje
- Det vert gitt eit tilskot per dyr som tidlegare
- Tilskotet vert gitt til skjøtsel med ammegeit og kje som gode landskapspleiarar for å opne , halde ope og førebyggje attgroing av areal som er viktige for det opne kulturlandskapet.

3.5 Tilskot til sau og geit som beiter ute heile året

Føremålet med ordninga er å halde i hevd kystlynghei og andre areal langs kysten gjennom å oppretthalde driftsforma med heilårsbeite. Med kystlynghei og andre areal meiner vi kystlynghei som dominerande naturtype og andre beiteareal som anten ligg i mosaikk med eller i grensa mot kystlyngheia.

Konklusjon

- Ordninga vert erstatta av Tilskot til skjøtsel av kystlynghei
- Det kan gjevast tilskot til skjøtsel av kystlynghei og andre areal gjennom hald av sau og geit som tilfredsstillar krava til utegangardrift (same kodar som i RMP 2008)
- Kystgeita vert inkludert i ordninga
- Ordninga vert i hovudsak avgrensa til landskapsregion 20; kystbygdene på Vestlandet

3.6 Tilskot til beitedyr i verneområde

Føremålet med ordninga er å stimulere til bruk av beitedyr for ta vare på areal i verneområde der kulturlandskap er eitt av verneføremåla. Ordninga er avgrensa til landskapsvernområde og nasjonalparkar der skjøtsel gjennom beiting er aktuelle tiltak.

Vi går ut i frå at totalt dyretal i denne ordninga etter kvart kan kome opp i kring 5 000 storfe og 30 000 sau/geit når nye større verneområde blir vedtekne. Dei aktuelle områda er pr i dag dyr som beiter innanfor Nærøyfjorden LVO, Bleia-Storebotnen LVO, Stølsheimen LVO, Jostedalsbreen NP, Jotunheimen NP/Utladalen LVO, Naustdal – Gjengedal LVO og Ålfotbreen LVO.

Konklusjon

- Ordninga vert vidareført som i 2008

3.7 Tilskot til automatisk freda kulturminne

Føremålet med ordninga er å ta vare på og skjytte automatisk freda kulturminne som viktige element i kulturlandskapet. Arealet med aktuelle kulturminne skal vere registrert på kart og skildra, og det skal liggje føre plan for skjøtsel i føretaket sin miljøplan trinn 2.

I følgje overordna føringar skal vi bruke dekar som eining i innmark. Etter innspel i høyringa og diskusjon i RMP-gruppa vert ordninga med tilskot per kulturminne, ikkje per dekar, oppretthalden

Konklusjon

- Ordninga vert vidareført som i 2008

3.8 Tilskot til steingardar og bakkemurar

Føremålet med ordninga er å ta vare på steingardar og bakkemurar som eit særtrekk ved kulturlandskapet i fylket.

Konklusjon

- Ordninga vert vidareført som i 2008
- Murane skal vere synlege og fri for vegetasjon. Den kulturhistoriske verdien av murane er sentral, nye murar vil såleis falle utanfor

3.9 Tilskot til styvingstre

Føremålet med ordninga er å ta vare på styvingstre som eit særtrekk ved kulturlandskapet i fylket og som biologisk og kulturhistorisk viktige element.

Etter innspel i høyringsrunden og etter diskusjon i RMP-gruppa vert tilskot til styvingstre uendra. Sogn og Fjordane er eit viktig område for lauvvingstradisjonen, her er det alt ei spissing og ordninga treng difor ikkje avgrensing.

Konklusjon

- Ordninga vert vidareført som i 2008

3.10 Tilskot til artsrik eng og beite

Føremålet med ordninga er å ta vare på og skjømte slåtte- og beitemarkar som har høg verdi for biologisk mangfald. Ordninga gjeld gamle slåtte- og beitemarkar med vegetasjon utforma ved slått eller beiting gjennom ei lang periode og utan tilførsel av gjødsel, og som skil seg ut frå det som elles er vanleg i området

Konklusjon

- Ordninga vert endra til ”Tilskot til skjømte av spesielt verdifulle slåtte- og beitemarkar. Det vert gjev tilskot pr. dekar med ein høgare sats for slåttemark
- Ordninga gjeld gamle slåtte- og beitemarker med vegetasjon utforma ved slått eller beiting gjennom langvarig og regelmessig hevd der gjødsling og/eller jordarbeiding ikkje eller berre i liten grad har vore praktisert. Aktuelle areal er i hovudsak registrert i den kommunale kartlegginga av biologisk mangfald, og kan sjåast i www.fylkesatlas.no eller www.naturbasen.no. Men også andre areal kan kome inn under tilskotsordninga dersom dei tilfredsstillar kriteria ovanfor. Dersom det er tvil om verdien eller avgrensing av areala, må ein fagleg kvalifisert person gjere ei skjønsmessig vurdering før areala kan godkjennast.

3.11 Tilskot til organisert beitebruk

Vi ønskjer å vidareføre ordninga slik den er i dag. Det er eit delmål i vårt regionale miljøprogram å stimulere til samarbeidstiltak, og med vår bruksstruktur og beiteområde i fjellet er det ein føresetnad at beitebruken vert organisert. Beitedyr er den mest effektive måten å halde eit ope kulturlandskap, og det tradisjonelle beitebruken har på lang veg også forma vårt særmerkte kulturlandskap.

Konklusjon

Ordninga vert vidareført som i 2008.

3.12 Nye ordningar

Tilskot til verneverdige husdyrrasar

Etter innspel frå høyringa og diskusjon RMP-gruppa vert det innført eit tilskot dei verneverdige husdyrrasane Vestlandsk Fjordfe, Vestlandsk Raukolle og kystgeit gjennom RMP i Sogn og Fjordane.

Konklusjon

Det vert innført eit tilskot til Vestlandsk Fjordfe, Vestlandsk Raukolle og kystgeit.

4. FINANSIERING AV MILJØPROGRAMMET

| Tilskotsordning | Førebels oppsett 2009 | | | | Endelegge tal 2008 | | | Merknad | Andel 2009 | Andel 2008 |
|--|-----------------------|---------|--------|-------------------|--------------------|--------|-------------------|--|------------|------------|
| | Eining | Tal | Sats | Samla tilskot | Tal | Sats | Samla tilskot | | | |
| Stølsdrift over 4 veker | stk | 4 | 13 000 | 52 000 | 4 | 13 000 | 52 000 | | | |
| Stølsdrift over 6 veker | stk | 69,47 | 20 000 | 1 389 400 | 68 | 20 000 | 1 360 000 | | | |
| Sum stølsdrift med mjølkeproduksjon | | | | 1 441 400 | | | 1 412 000 | | 6 % | |
| Brattare enn 1:5 | dekar | 45 009 | 210 | 9 451 890 | 45 009 | 210 | 9 451 890 | | | |
| Brattare enn 1:3, tillegg | dekar | 15 927 | 115 | 1 831 605 | 15 927 | 120 | 1 911 240 | | | |
| Sum bratt areal | | | | 11 283 495 | | | 11 363 130 | | 47 % | |
| Sau over 1 år på utm-beite | dyr | 69 370 | 20 | 1 387 400 | 69 370 | 20 | 1 387 400 | | | |
| Mjølkegeit på utm-beite | dyr | 7 043 | 20 | 140 860 | 7 043 | 20 | 140 860 | | | |
| (Storfe på utm-beite) | dyr | | | | 19 997 | 45 | 899 865 | Utgår i 2009 | | |
| (Hestar på utm-beite) | dyr | | | | 655 | 45 | 29 475 | Utgår i 2009 | | |
| Sum utmarksbeite | | 76 413 | | 1 528 260 | 97 065 | | 2 457 600 | | 6 % | |
| Ammegeit, styrt beiting | dyr | 762 | 200 | 152 400 | 762 | 150 | 114 300 | | | |
| Geit under 1 år, styrt beiting | dyr | 2 006 | 100 | 200 600 | 2 006 | 50 | 100 300 | | | |
| (Storfe, styrt beiting) | dyr | | | | 1 450 | 150 | 217 500 | Utgår i 2009 | | |
| Sum skjøtsel med beitedyr | | | | 353 000 | | | 432 100 | Erstattar ordninga "Styrt beiting på innmark" | 1 % | |
| Sau over 1 år, heilårsbeite | dyr | 3 500 | 150 | 525 000 | 3 812 | 150 | 571 800 | | | |
| Sau under 1 år, heilårsbeite | dyr | 1 500 | 50 | 75 000 | 1 736 | 50 | 86 800 | | | |
| Geit over 1 år, heilårsbeite | dyr | 356 | 150 | 53 400 | 356 | 150 | 53 400 | | | |
| Geit under 1 år, heilårsbeite | dyr | 186 | 50 | 9 300 | 186 | 50 | 9 300 | | | |
| Kystgeit over 1 år | dyr | 301 | 150 | 45 150 | 301 | 150 | 45 150 | | | |
| Kystgeit under 1 år | dyr | 155 | 50 | 7 750 | 155 | 50 | 7 750 | | | |
| Sum skjøtsel av kystlynghei | | | | 715 600 | | | 774 200 | Erstattar ordninga "Sau og geit som beiter ute heile året" | 3 % | |
| Vestlandsk raukoll og fjordfe | dyr | 222 | 1 000 | 222 000 | | | | Ny ordning i 2009 | | |
| Kystgeit | dyr | 300 | 500 | 150 000 | | | | Ny ordning i 2009 | | |
| Sum verneverdige husdyraser | | | | 372 000 | | | | | 2 % | |
| Sau og lam | dyr | 25 000 | 50 | 1 250 000 | 15 756 | 50 | 787 800 | | | |
| Geit og kje | dyr | 2 500 | 50 | 125 000 | 1 737 | 50 | 86 850 | | | |
| Storfe | dyr | 1 500 | 100 | 150 000 | 963 | 100 | 96 300 | | | |
| Hest | dyr | 100 | 100 | 10 000 | 25 | 100 | 2 500 | | | |
| Sum verneområde | | 29 100 | | 1 535 000 | | | 973 450 | | 6 % | |
| Kulturminne | stk | 262 | 500 | 131 000 | 262 | 500 | 131 000 | | 1 % | |
| Steingardar | meter | 217 171 | 9 | 1 954 539 | 217 171 | 9 | 1 954 539 | | | |
| Bakkemurar | meter | 117 861 | 9 | 1 060 749 | 117 861 | 9 | 1 060 749 | | | |
| Sum steingardar og bakkemurar | | | | 3 015 288 | | | 3 015 288 | | 13 % | |
| Styvingstre | stk | 5 350 | 150 | 802 500 | 5 350 | 150 | 802 500 | | 3 % | |
| Verdifull slåttemark | dekar | 1 500 | 650 | 975 000 | | | | Eigen sats for slåttemark | | |
| Verdifull beitemark | dekar | 3 000 | 210 | 630 000 | | | | | | |
| Sum spesielt verdifull slåtte- og beitemark | | 4 500 | | 1 605 000 | 4 074 | 210 | 855 540 | Erstattar ordninga "Artsrik eng og beite" | 7 % | |
| Heimsanka småfe frå beite | dyr | 170 793 | 5 | 853 965 | 170 793 | 5 | 853 965 | | | |
| Heimsanka storfe frå beite | dyr | 16 031 | 10 | 160 310 | 16 031 | 10 | 160 310 | | | |
| Sum organisert beitebruk | | | | 1 014 275 | | | 1 014 275 | | 4 % | |
| Reserve til klagebehandling | | | | 200 000 | | | 160 000 | | | |
| TOT SØKNADSSUM | | | | 23 996 818 | | | 23 391 083 | | | |
| Ramme frå SLF | | | | 24 000 000 | | | 23 400 000 | | | |
| Rest/manko | | | | 3 182 | | | 8 917 | | | |

For komande RMP-periode skal inndelinga i miljøtema vere som tabellen nedanfor. Våre ordningar har vi plassert under dei ulike tema i høve til føremålet med ordninga. Tabellen viser også den prosentvise fordelinga av RMP-midlane mellom miljøtema på grunnlag av finansieringsplanen ovanfor.

| Miljøtema | Ordning | Måleining | Andel av RMP-midlane |
|--|---|--|----------------------|
| Kulturlandskap | Skjøtsel med ammegeit og kje (tidl. styrt beiting) Bratt areal Beitedyr i verneområde Organisert beitebruk Eksta tilskot til sau og mjølkegeit på utmarksbeite | dyretal dekar dyretal dyretal | 64 % |
| Biologisk mangfald | Skjøtsel av kystlynghei (tidl. sau og geit som beitar ute heile året) Spesielt verdifulle slåtte- og beitemarkar (tidl. artsrik eng og beite) Styvingstre Verneverdige husdyrrasar | dyretal dekar stk | 15 % |
| Kulturhistoriske miljø og kulturminne | Stølsdrift med mjølkeproduksjon Automatisk freda kulturminne Steingardar og bakkemurar | stk stk meter | 20 % |
| Tilgjengelegheit og friluftsliv | Ingen ordningar | | 0 % |
| Avrenning til vassdrag | Ingen ordningar | | 0 % |
| Plantevernmidlar og avfall | Ingen ordningar | | 0 % |
| Andre miljøtiltak | Ingen ordningar | | 0 % |

5. ADMINISTRASJON AV REGIONALT MILJØPROGRAM

Vi har prøvd å utarbeide ordningar som skal vere lette å administrere og som i stor grad byggjer på eksisterande registreringar og objektive kriterium. Vi har ikkje laga forslag til endring i forskrifta for RMP, det ser vi på som ei meir teknisk oppgåve som vi gjer etter programmet er godkjent frå sentralt hald.

Vi legg opp til at brukarane skal kunne søkje på RMP i samband med den vanlege søknad om produksjonstilskot i august. Vi vil jobbe vidare for å få utvikla eit web-basert søknadsskjema slik at brukarne kan søkje på midlane på nettet slik som for det vanlege produksjonstilskotet, men førebels må ein fylle ut eige søknadsskjema for RMP og sende inn.

For beitelag vil søknadsfristen verte noko seinare på hausten.

Kommunen tek i mot søknaden, som for vanleg produksjonstilskot, og godkjenner søknaden. Fylkesmannen er klageinstans. Tilskotet vert betalt ut i løpet av første kvartal året etter.

6. STYRKING AV KOPLINGA MELLOM SMIL OG RMP

6.1 Tiltaksstrategiar for kommunale miljømidlar

Alle kommunane har utforma ein tiltaksstrategi for bruk av midlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Fylkesmannen har gjeve innspel til kommunane sin revisjon av tiltaksstraegiane, samt retningsliner for innhaldet. Sjå Fylkesmannen si landbruksavdeling si nettside for Regionalt miljøprogram.

Fylkesmannen fordeler SMIL-midlar til kommunane ut i frå behov i tiltaksstrategien, kommunane si disponering og bruk av midlar dei siste åra, tal gardsbruk, samt spesielle tilhøve i kommunen. Den skjønnsmessige fordelinga er vektlagt meir dei siste åra etter som vi har fått røynsle med kommunane sine prioriteringar og bruk av midlar i lys av overordna føringar. Som eit hjelpemiddel til fordelinga har Fylkesmannen frå og med 2008 bede om ei utvida årleg rapportering frå kommunane. Rapporten skal vise det totale søknadstalet og fordeling på ulike typar tiltak, samt kva saker som er innvilga. I tillegg skal kommunen oppgje kva saker som gjeld tiltak i lokalitetar for registrerte verdifulle naturtypar eller kulturlandskap, eller der kommunen har prøvd å stimulere til tiltak i slike område.

6.2 Kopling mellom SMIL og RMP

I løpet av 2008 har Fylkesmannen framheva viktige miljøtema som kommunane bør vektleggje i revisjonen, på grunnlag av miljøprioriteringar i nasjonalt og regionalt miljøprogram. Det er understreka at kommunane må prioritere tiltak gjennom SMIL-ordninga som også kan løyse ut midlar frå RMP, med lokale tilpasningar i høve til kva ordningar som er mest relevante i dei respektive kommunane. Evalueringa i 2007 viste at eit lite fleirtal av kommunane legg vekt på moglegheita for å kunne motta RMP-midlar i etterkant av SMIL-tiltak, ved handsaminga av SMIL-søknader. Særleg gjeld dette for tiltak for skjøtsel av kulturlandskap, istandsetting av kulturminne og styvingstre.

7. INFORMASJON OG MEDVERKNAD

Både opplegget og ordningane i RMP er i stor grad kjend for produsentane. Likevel vil det vere naudsynt med god informasjon om det revidert miljøprogrammet. Vi har etablert eit opplegg for informasjon i samband med den årlege utsendinga av RMP i fylket, som omfattar følgjande:

- Utsending av informasjon til kommunane, rettleiingsapparat o.a.
- Artiklar og nyhende på Fylkesmannen si heimeside og nettsida for Regionalt miljøprogram
- Informasjon og artiklar gjennom Vestlandsk Landbruk, gjerne med konkrete døme der RMP-tilskota har ein klar miljøeffekt

Vi trur dette opplegget i stor grad vil dekkje behovet for informasjon om endringar i det rullerte miljøprogrammet. I tillegg ønskjer vi å gjennomføre følgjande tiltak:

- Kurs om miljøplan, biologisk mangfald og kulturlandskap for kommunane
- Oppfølging av einskilde kommunar i høve til konkrete problemstillingar
- RMP som tema på samlingar

8. RULLERING OG RAPPORTERING AV REGIONALT MILJØPROGRAM

Det regionale miljøprogrammet skal ha ein programperiode på 8 – 10 år med rullering kvart fjerde år. Dei regionale programma skal godkjennast på sentralt nivå ved etablering og ved kvar revidering.

Fylkesmannen skal gje årlege rapportar til Statens landbruksforvaltning med

- Oversikt over gjennomførte tiltak og måloppnåing
- Prioriterte aktivitetsbudsjett for neste år

Kvaliteten på miljøprogrammet vil vere avgjerande for rammetildelinga til fylka. Løyvinga til fylket vil kunne variere for det enkelte år både i forhold til budsjetttrammer og aktivitet i fylka. Men innanfor 4-års perioden bør det vere stabil rammefordeling slik at vi kan drive langsiktig planlegging.

9. VEDLEGG

INNDELING I MILJØTEMA

Tabell som viser SLF sitt siste framlegg til inndeling i miljøtema, som grunnlag for tilpassing av dei regionale miljøprogramma til overordna føringar.

| Miljøtema | Miljømål | Kriterier/beskrivelse | Type ordning og forslag til utmåling i parentes (Det tas forbehold om at ikke alle typer ordninger er tatt med, samt at det kan komme endringer i utmålingsenhet senere.) |
|---------------------------|---|--|--|
| KULTURLANDSKAP | Ivareta helhetlige jordbrukslandskap som bør holdes i hevd. På regionalt nivå omfatter det arealer som har gitt regioner sitt særpreget og landskap som er egnet for synliggjøring av tradisjonelle driftsformer. | <p>Temaet skal fange opp en vesentlig del av ordningene som tidligere var lagt inn i hovedområde gjengroing og hovedområde verdifulle kulturlandskap med særlige kulturhistoriske og biologiske verdier. Ordningene skal spisses mot geografisk avgrensede områder der beiting/slått/annen skjøtsel kan bidra til ivaretagelse av regionale kulturlandskapsverdier. Disse områdene bør være registrert/kartlagt som lokalt/regionalt/nasjonalt verdifulle.</p> <p>Tidligere nasjonale ordninger som søkes videreført skal ha en tydelig miljøbegrunnelse.</p> <p>Ordningen organisert beitebruk bør målrettes mer mot områder hvor det er miljømessig større utfordringer knyttet til gjengroing. Det bør også vurderes å opprette egne satser for dyr tilhørende beitelag som beiter i kulturlandskap i mer bygdenære omgivelser.</p> | <ul style="list-style-type: none">▪ Beite på innmark (dekar)▪ Beite i utmark (inkl. holmebeite) (dyr)▪ Brattareal (dekar)▪ Beiting i verneområder (dyr) |
| BIOLOGISK MANGFOLD | Ivareta avgrensede landskap som representerer utsatte leveområder for naturlig plante- og dyreliv, sjeldne naturtyper som kystlynghei og særskilte naturkvaliteter. Bevaring av småbiotoper og enkeltelementer som styvingstrær. Bevaring av genressurser | Temaet skal omfatte særskilte naturkvaliteter, artsrike kulturmarkstyper og vedlikehold og reetablering av utsatte leveområder for naturlig plante- og dyreliv. Skal fange opp noen av ordningene som tidligere var lagt inn i hovedområde verdifulle kulturlandskap med særlige kulturhistoriske og biologiske verdier, men hvor hovedformålet er naturkvaliteter m.v. Områder som velges ut skal være registrert som | <ul style="list-style-type: none">▪ Skjøtsel av artsrike slåtte- og beitemarker (innmark: dekar/utmark: dekar)▪ Skjøtsel i kystlynghei (dekar)▪ Skjøtsel av andre kulturmarkstyper |

| | | | |
|--|--|--|--|
| | <p>som sjeldne husdyrraser.</p> | <p>lokalt/regionalt/nasjonalt verdifulle.</p> <p>Alle fylker bør ha ordninger spesifikt rettet mot skjøtsel av artsrike slåtte- og beitemarker. Det bør vurderes økt differensiering av satser for ulike grader av skjøtsel, for eksempel beite og slått. Ekstra sats for ugjødsle slåttemark bør vurderes. For kystlynghei bør det også vurderes tilskudd til andre skjøtseltiltak enn beite. Bør særlig ses i sammenheng med SMIL-tiltak.</p> | <p>eller naturtyper (innmark: dekar/utmark: dekar)</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kantsoner for å ivareta biologiske verdier (dekar) ▪ Styvingstrær (stykk) ▪ Bevaringsverdige husdyrraser (dyr) |
| <p>KULTURHISTORISKE MILJØER OG KULTURMINNER</p> | <p>Ivareta verdifulle enkeltelementer og miljøer som formidler regional og lokal argrarhistorie, så som fredede kulturminner og arealene omkring disse, steingjerder, gamle bygninger og verdifulle kulturhistoriske miljøer så som setre og seterområder.</p> | <p>Det bør legges vekt på skjøtsel (og tilgjengelighet) av arealene rundt freda kulturminner, der det er etablert tilskuddsordninger for enkeltminner. Aktuelle tiltak er slått, vedlikehold og stell. Setertilskudd skal inngå i dette temaet.</p> <p>RMP-tilskudd på dette området bør vurderes av flere fylker. Fylker som har ordninger knyttet til sin agrarhistorie bør vurdere nye ordninger for flere enkeltelementer og miljøer. Bør særlig ses i sammenheng med SMIL-tiltak.</p> | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Seterdrift (stykk) ▪ Beite eller slått i seterområder (innmark: dekar/utmark: dekar) ▪ Fredede kulturminner (stykk eller dekar?) ▪ Skjøtsel av areal knyttet til fredede kulturminner (dekar) |
| <p>TILGJENGELIGHET OG FRILUFTSLIV</p> | <p>Ivareta jordbrukslandskap og -områder som gjøres/holdes tilgjengelig for allmennheten og for opplevelser og friluftaktiviteter gjennom stier og andre tilretteleggingstiltak.</p> | <p>Stiller spesifikke vilkår til skjøtsel. Aktuelle tiltak er vedlikehold, merking m.v.</p> <p>RMP-tilskudd på dette området bør vurderes av flere fylker, der det også bør legges vekt på tilrettelegging og vedlikehold i områder med tett bosetting. Bør særlig ses i sammenheng med SMIL-tiltak.</p> | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Turveier/stier (meter) ▪ Skjøtsel av kantsoner mot dyrka mark eller vassdrag (meter) |
| <p>AVRENNING TIL VASSDRAG</p> | <p>Redusere erosjon og tap av næringsstoffer til vann. Omfatter særlig utsatte vassdrag og andre prioriterte områder.</p> | <p>RMP-tilskudd knyttet til jordarbeiding bør graderes etter forventet miljøeffekt av tiltakene, der stubbåker bør ha markert høyere satser enn øvrige tiltak. Spesielt sårbare vassdragsområder bør underkastes en egen vurdering. Tilskuddsatser som gjelder høstkorndyrking bør ikke settes slik at de fremmer økt dyrkingsomfang av høstkorn</p> | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ingen jordarbeiding om høsten - stubbåker (dekar) ▪ Lett høstharving (dekar) |

| | | | |
|------------------------------------|---|---|---|
| | | <p>med jordarbeiding på bekostning av mer miljøvennlige alternativer. Jordarbeidingsordningene skal registreres med areal fordelt på alle fire erosjonsrisikoklassene. Kombinasjoner av tiltak bør vurderes i utsatte områder, der lokale forskrifter i medhold av § 8 i produksjonstilskudd også inngår. Økt bruk av vegetasjonssoner bør også vurderes.</p> | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Høstkorn etter lett høstharving (dekar) ▪ Direktesåing (dekar) ▪ Fangvekster (dekar) ▪ Grubbing (dekar) ▪ Grasdekte vannveier (meter) ▪ Vegetasjonssoner som deler opp lange hellingslengder (meter) ▪ Buffersoner mot vassdrag (meter) ▪ Skjøtsel av fangdammer (stykk) |
| PLANTEVERN MIDLER OG AVFALL | <p>Redusere bruken av plantevernmidler m.v. og sikre en miljøforsvarlig behandling av avfall.</p> | <p>Ugrasharving er tiltak for å redusere bruk av plantevernmidler. Ordningen skal avgrenses til konvensjonell dyrking (ikke økologisk). Målretting bør skje ved prioritering av arealer/områder etter sårbarhetsvurderinger. Aktuelle tiltak kan også omfatte opplegg for innsamling av avfall og farlige stoffer med mer.</p> | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ugrasharving (dekar) ▪ Avfallsinnsamling (stykk) |
| ANDRE MILJØTILTAK | | <p>Miljøvennlige driftsformer og øvrige tiltak som ikke passer inn i de øvrige temaene</p> | |